

Gjeld oppstart av reguleringsplanarbeidet for fv. 245 Fosse-Moldekleiv

Meland formannskap hadde møte 22. februar 2017 og drøfta oppstart av detaljreguleringa av fv. 245 Fosse-Moldekleiv. Det var semje om at formannskapet sender ein merknad på vegne av Meland kommune.

Vi vil først minne om at det allereie ligg føre ein godkjent reguleringsplan for det meste av denne strekninga, frå Hatleberget til Moldekleiv. Vi meiner at det vidare arbeidet bør ta utgangspunkt i denne reguleringsplanen. Det vil ta omsyn til dei to hovudinnspele vi har til det vidare reguleringsarbeidet, vegstandard og framdrift.

1. Vegstandard

På folkemøte i samband med oppstart av reguleringsarbeidet orienterte Statens vegvesen om at standarden som var valt vil gi ein trase på 12-13 m. Det vart samstundes sagt at dette nok ville vere uråd å få til alle stader langs traseen. Vi meiner at fleire omsyn tilseier at ein må velje ein trase som er maksimalt 9-10 m. Dette vil ta omsyn både til naturen traseen går gjennom, og til det spesielle kulturlandskapet som vi har i Litlebergen-området. Vi er kjent med at det er vegeigar, i dette tilfellet Hordaland fylkeskommune, som avgjer vegstandard, og vi vil ta initiativ til at HFK veljer ein annan vegbredde enn det som vart presentert på folkemøtet.

2. Framdrift

På folkemøtet vart det presentert ein framdriftsplan som antyda oppstart på prosjektet i 2020 og vegopning i 2022. Dette er, slik vi ser det, ein altfor defensiv tidsplan. Bebuarane i området har hatt ein meir eller mindre ferdigregulert vegstrekning sidan 2009, og slik vi har oppfatta det har det heile tida vore snakk om oppstart på prosjektet i 2018 (arbeid i feltet). Dette målet meiner vi framleis må stå ved lag.

Med å ta utgangspunkt i den allereie godkjente reguleringsplanen frå 2009 vil ein kunne i møtekomme begge desse innspela på ein god måte. Vi forventar at plankonsulenten vurderer dette i det vidare arbeidet. Vi vil samstundes be om at det blir gjeve fortløpande løypemedingar til formannskapet, der det blir gjort greie for status for framdrift.

For formannskapet i Meland kommune,

Øyvind H Oddekalv
ordfører

Nils Marton Aadland
varaordfører